



Dei 45 ungdommane gjorde ein flott innsats. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Åtte kvinnhersungdommar, fire av dei frå Uskedalen, var medverkande til at publikum fekk ein flott og opplevingsrik dag under Brasswind-festivalen i Grieghallen lørdag. Som musikarar i Hordalands Ungdoms Brass Band, kan dei vera med og dela æra for det flotte konsert-programmet HUBB presenterte.**

Ny og nyskapande musikk er i fokus under denne festivalen.

Etter ei øvingshelg for to veker sidan og to timar med finnpussing på føremiddagen konsertdagen, kunne HUBB med Bjørn Breistein som dirigent, presentere fire flotte og spennande nummer. Felles for alle nummera er at dei er laga av unge lovande komponistar mellom 15 og 20 år.

Etter å ha opna med ein flott og feiande konsertmarsj, av Linn I. T. Bjerknes, som vart framført for brassband for første gang, fulgte tre komposisjonar som hadde verdenspremiere på rekkje og rad.

Den yngste avkomponistane, 15 år gamle Sebastian L. Torjusen frå Rosendal, hadde laga eit stykke som han hadde kalla A glass of Water. Det er eit krevjande stykke med mange spennande element som set store krav til musikarane. Samstundes fell det absolutt i publikums smak så det er eit imponerande arbeid den unge komponisten har gjort. Stykket skildrar vatnet sin gang frå skyene til vi kan tappe det i glaset. Det er god flyt i stykket, men vi merkar at det "slit" litt når det kjem til vassverket og kokevarsel. Såleis er det grunn til tru at komponisten har henta inspirasjonen til stykket frå problema som har vore i det lokale vassverket. Flott levert, Sebastian!!

Slagverkaren og bluesmusikaren Bård Henrik Hereide frå Skånevik hadde laga neste stykke i konserten Saaker for Brassband, eit moderne, rytmisk og spennande stykke. Konsertavdelinga til HUBB vart avslutta ein nydeleg komposisjon, Ferden av Fredrick Schjelderup. Ein flott finale på det gode programmet!

Etter konserten vart dei unge musikarane og komponistane honorert med lang, taktfast, velfortent og ståande applaus frå eit stort og kyndig publikum.

Etter konserten inviterte HUBB-leiinga musikarane og foreldre på Peppes på pizza. Dette var ei svært koseleg stund for både foreldre og ungdommar. Det heile vart avslutta med at leiarane sende gode og positive ord med "barna" sine før dei skildest kvar til sitt; - dei fleste for nok til Grieghallen for å vera publikum på konsertar i festivalprogrammet.

Leiarekteparet, Ole-Johan Aarlie og Kjersti Pisani, legg ned ein fantastisk jobb for dette fylkeskorpset. Ikkje rart at dei vert omtala som mor og far av medlemene i korpset. Saman med skiftande dirigentar syt dei for musikalsk utvikling med spennande og varierte konsertprogram. Dei syt for alle sider ved drifta av korpset. Dei har og æra for at det sosiale fungerer så godt.

– Alle er med alle, alle snakkar med alle, vier som ein stor søskenflokk. Det er eit fantastisk miljø, har medlemmer i korpset fortalt oss. Ole-Johan og Kjersti har æra for at HUBB-samlingane er musikalske og sosiale høgdepunkt for desse ungdommane.

Av Thor Inge Døsland



Leiarane Ole-Johan Aarlie og Kjersti Pisani fortener og ros. (Foto: Thor Inge Døsland)